



## Møteprotokoll

**Utval:** SOGN REGIONRÅD

**Møtestad:** Lærdalsøyri skule

**Møtedato:** 07.05.2014

**Tid:** kl 0930-1450

A. Disse møtte

<b>Faste medlemmar</b>
Harald Offerdal, ordførar Balestrand kommune (leiar) Noralf Distad, ordførar Aurland kommune Petter Sortland, ordførar Høyanger kommune Olav Lunden, ordførar, Leikanger kommune Ivar Kvalen, ordførar Luster kommune Jan Geir Solheim, ordførar Lærdal kommune Jarle Aarvoll, ordførar Sogndal kommune Marta Finden Halset, ordførar Vik kommune Arild Ingar Læg Reid, ordførar Årdal kommune
<b>Medlemmar</b>
Arve Varden, rådmann Høyanger kommune Karina Nerland, dagleg leiar
<b>Andre</b>
Synnøve Aabrekk, Segel AS

C. Ordførar Jan Geir Solheim ønskte velkomen til Lærdal.

D. Innkalling godkjent utan merknader

E. Protokoll frå møtet 28.2.2014 godkjent utan merknader

## Sakliste

Saksnr.	Arkivsaksnr.	Tittel
<b>8/14</b>	14/1050	<b>Programplan for "System for styrka læring"</b>
<b>9/14</b>	13/438	<b>Prosjekt for felles pedagogisk-psykologisk teneste i Sogn</b>
<b>10/14</b>	14/1537	<b>Årsmelding og rekneskap 2013</b>
<b>11/14</b>	13/2019	<b>Revidert budsjett 2014 Sogn regionråd</b>
<b>12/14</b>	14/746	<b>Orienteringssaker</b>

**Sak 8/14**  
**Programplan for "System for styrka læring"**

**Tilråding:**

Sogn regionråd vedtek overordna programplan for "System for styrka læring" slik den ligg føre.

Programstyret i "System for styrka læring" utarbeidar tiltaksplan for kvart skule- og barnehageår.

**Handsaming**

Planarbeidet må tilpassast lokale behov. Det må lagast ein kortversjon til formidling av plandokumentet.

**Vedtak:**

Sogn regionråd vedtek overordna programplan for "System for styrka læring" slik den ligg føre.

Programstyret i "System for styrka læring" utarbeidar tiltaksplan for kvart skule- og barnehageår.

**Sak 9/14**  
**Prosjekt for felles pedagogisk-psykologisk teneste i Sogn**

**Tilråding:**

Sogn regionråd set i gang hovudprosjekt for organisering av pedagogisk-psykologisk teneste i Sogn. Det vert sett av kr 430 000 av fondsmidlar kontingent til hovudprosjektet.

**Handsaming**

Rådet drøfta dei prinsipielle sidene ved at prosjekt der nokre kommunar deltek vert finansiert av fellesmidlane. Sogn regionråd ber om at det til neste møte vert lagt fram sak som vurderer dette på generelt grunnlag.

Det kom følgjande framlegg:

Kommunane Balestrand, Høyanger og Årdal vert ikkje med i hovudprosjektet

**Vedtak:**

Sogn regionråd set i gang hovudprosjekt for organisering av pedagogisk-psykologisk teneste i Sogn. Det vert sett av kr 430 000 av fondsmidlar kontingent til hovudprosjektet.

Kommunane Balestrand, Høyanger og Årdal vert ikkje med i hovudprosjektet.

**Sak 10/14**  
**Årsmelding og rekneskap 2013**

**Tilråding:**

Sogn regionråd godkjenner årsmelding og rekneskap for 2013 slik den ligg føre.

**Handsaming**

Årsmeldinga vert retta på dei punkta som vart nemnt i møtet.

**Vedtak:**

Sogn regionråd godkjenner årsmelding og rekneskap for 2013 slik den ligg føre.

**Sak 11/14**  
**Revidert budsjett 2014 Sogn regionråd**

**Tilråding:**

Sogn regionråd vedtek revidert budsjett for 2014 slik det ligg føre.

**Vedtak:**

Sogn regionråd vedtek revidert budsjett for 2014 slik det ligg føre.

**Sak 12/14**  
**Orienteringssaker 7.5.2014**

**Orienteringar og drøftingar**

1. Leiar
  - Felles formannskapsdag: Aktuelle tema er samhandlingsreforma, lokalmedisinsk senter og kommunereforma.
  - Møte med Hardangerrådet 24.6. – programutkast vart omdelt i møtet.
  - Ordførarsamling: Det vert ordførarsamling 11.9. som er dagen før regionrådsmøte 12.9.

- Arbeidsgrupper – arbeidsmåte i arbeidsgruppene: Leiar orienterte om retningslinjene for arbeidsgrupper
  - Det må vera grensegangar på kven som slemper til med orienteringar i rådet. Fokus er dei politiske drøftingane. Leiar vurderer førespurnadane.
2. Samferdslegruppa:
    1. Ferjesambandet Hella-Vangsnes-Dragsvik: Det var møte med Samferdselsdepartementet 1. april om behovet halvtimes avgangar og nattferjer
    2. Sognefjellstunnelane: Utreiing av aust-vestsambandet vil tidlegast bli ferdig i 2015.
  3. Framtida for Sogn Jord- og Hagebruksskule: Framlegg til fråsegn til fylkeskommunen og departementa var utsendt til møtet. Rådet slutta seg til fråsegna og drøfta oppfølging m.a. be om å få gje innspel på politikardagen 26. mai.
  4. Rådmannsgruppa: Dagleg leiar orienterte om tema for møtet 4. april som mellom anna var PPT-organisering, drift av institusjonskjøkken i regionen og skogbrukssamarbeid. Regionrådet ber om at leiar frå rådmannsgruppa deltek i regionrådsmøtet.
  5. Administrasjonen
    - Næringsnettverket i Sogn:
      - o Bidreg i arbeidet med Aurlandskonferansen.
      - o Næringsnettverket har diskutert tema og opplegg for tiltaket «finansieringskjelder for bedriftsetableringar», jf tiltaksplanen til Sogn regionråd 2013-2014. Tema og opplegg vil inngå i Aurlandskonferansen.
    - Aurlandskonferansen: Sogn regionråd er samarbeidspart for andre gong i 2014. Eindagskonferanse. Tema vil vera virkemiddelapparatet og få fram dei gode døma.
  6. Synnøve Aabrekk orienterte om funna frå produkt- og marknadsanalyse for heilårsreiseliv. Rapporten vil bli ferdig til neste regionrådsmøte.

### **Skriv og meldingar**

- Ferjesambandet Hella-Vangsnes-Dragsvik, brev til Samferdselsdepartementet 18.2.2014. Referert.
- Foredrag om samarbeid og arbeidsmåte i Sogn på samlingar for Utdanningsdirektoratet - program. Referert.
- Referat frå helsegruppa av 28. april 2014 vart utsendt til møtet. Referert.

Harald Offerdal  
leiar

Ivar Kvalen

Jan Geir Solheim

Karina Nerland